

Afrikansk perspektiv:

«Misjonsland» og «kommunistland»

Tilhøvet mellom kyrkja og styresmakter i noen norske «misjonsland» på bakgrunn av utviklinga i Austeuropa

KJETIL AANO

I. Debatten om Austeuropa

I kjølvatnet av dei sterke endringane som har funne stad i ei rekke austeupeiske land i fjor haust, oppsto det ein interessant debatt om kyrkjene, kyrkeleiarar under kommunistregime, og ikkje minst dei store ekumeniske organa sitt tilhøve til dei udemokratiske regima som har rådd i desse landa i etterkrigstida. Like etter nyttår skreiv generalsekretær Odd Bondevik:

Endel kirkeledere har prøvd å forene kristendom og marxisme, noe som i virkeligheten er umulig. Dessverre finnes det også flere eksempler på at de har latt seg bruke av makthaverne og er blitt en del av det undertrykkende system . . .

Det er dessverre også et faktum at både Kirkenes Verdensråd (KV) og Det Lutherske Verdensforbund (LVF), har opptrådt klanderverdig i etterkrigstiden. KV har ikke vært engstelig for å si fra om krenkelser av menneskeverdet i andre verdensdeler, men når det gjelder Østblokken har vi eksempler på at man har hindret forsøk på å få til uttalelser om kommunistenes undertrykkelse . . . På tilsvarende måte har LVF vist unnfallenhet ved flere anledninger.¹

I motsetning til dette hevdar Gunnar Stålsett, generalsekretær i LVF, at han synest LVF i etterkrigstida har gjort det som var råd å gjera for kyrkjer i totalitære regime i Austeuropa. Han finn ikkje grunn til å be om orsaking for det som er gjort, og hevdar at kyrkjene har grunn til å vera stolte over innsatsen.²

Eit springande punkt i denne debatten har vore i kva grad det er rett

for utanforståande å ta omsyn til kva kyrkja i det aktuelle landet meiner om korleis ein skal profilera eit eventuelt kritisk engasjement i høve til styresmakter som i større eller mindre grad er undertrykkande og totalitære.

Vi skal ikkje her drøfta denne saka vidare, men bruka ho som utgangspunkt for å spørja etter kva relasjon noen kyrkjer norsk misjon samarbeider med i Afrika, har til styresmaktene.

Fleire har etterlyst ei jamnføring av kyrkjene sitt tilhøve til udemokratiske regime i Austeuropa og Afrika. Dette ville vore naturleg ettersom det var frå misjonshald ein først etterlyste behovet for eit oppgjer med fortida i austuropeiske kyrkjer. Men vi har ikkje fått ei tilsvarande drøfting av situasjonen i afrikanske land.

II.Kyrkje – stat i Afrika

Norsk luthersk misjons største område er Sørafrika, Madagaskar, Etiopia, Kamerun, Tanzania og Kenya. Det er også norsk misjon i ei rekke andre land som t.d. Liberia.³

Dei politiske tilhøva varierer sterkt i Afrika. Også kyrkjene sine arbeidsvilkår er svært ulike. Men det er grunn til å hevda at få av desse landa har eit system som etter vestleg målestokk kan kallast demokratisk. Og endå meir påfallande er fråværet av reell rettstryggleik – ein grunnleggande menneskerett, og for menneske som er vakse opp i eit vesteuropeisk samfunn, ein sjølvstøtt ting. Eg vil påstå at dette fråværet av rettstryggleik, det tilhøvet altså, at individet til kvar tid er overlate til meir eller mindre despotiske styresmakter si meir eller mindre tilfeldig behandling, er eit sterkt medverkande moment som betre enn *mange teoriar forklarar kyrkjers og kyrkjeleiarars ofte svært pragmatisk orienterte forhold til totalitære styresmakter av ulik farge.*

1. *Sørafrika.*» I Kyrkjenes engasjement mot apartheidregimet er vel kjent. Det er den anglikanske, den afrikanske reformerte og den romersk-katolske kyrkja som fører an i kampen for eit samfunn der individets menneskeverd og –rettar ikkje skal knyttast til hudfarge og raseterioriar. Også den lutherske kyrkja har vore sterkt engasjert, og vist eit mot og ei klar holdning til apartheid-politikken.⁴

Frå norsk misjons side har ein aldri godtatt apartheid som politisk system og teori. Alt i 1950-åra, lenge før det var alment fordømt i vårt land, foretok Andreas Løken eit generaloppgjør med denne politikken i ein lang artikkel i Norsk Misjonstidende.⁵ Seinare har norske misjonærar gått i same sporet, og åpent gitt uttrykk for kritikk mot systemet i landet.⁶

Den lutherske kyrkja er i den seinare tida blitt klaga for å vera både spak og ettergivande i forhold til regimet i landet. Det heng truleg saman med ei rekke tilhøve, m.a. regionale skilnader eller stammemessige motsetningar, interne kyrkjelege problem, og sikkert også ein intern debatt om det er ved ei konfrontasjonslinje eller ved tilpassing ein oppnår størst framgang og best levekår som kyrkje og som einskild-kristne. Ein skal heller ikke i den sørafrikanske situasjonen under- vurderera menneskas evne til tilpassing til ein gitt situasjon. Også det urimelege, det monstruøse, kan over tid framstå som eit mindre vonde enn eit godt konstruert fiendebilete. Dette har ramma både kyrkja sine folk, men også ein del av dei utenlandske misjonærene som har gjort teneste i landet.⁷

Her er poenget bare dette: å streka under korleis det også under eit system som det sørafrikanske, ganske fort viser seg at det er råd for kyrkja, eller i det minste for deler av kyrkja, både den svarte og den kvite, å tilpassa seg den gitte situasjonen, og tilsynelatande vera nøgd med det, fordi ein meiner at alternativa er så mykje verre.

2. *Kenya og Tanzania* er nære naboar som på sett og vis er svært ulike. Kenya har valt å følgja ein marknadsorientert økonomi, medan Tanzania valde den sosialistiske varianten.⁸ Kyrkjeleg sett er den lutherske kyrkja dominerande blant protestantane i Tanzania medan den anglikanske er den største ikkje-katolske kyrkja i Kenya.

Katolikken Nyerere utarbeidde sin afrikanske sosialisme, og mange av idéane der hadde sterk affinitet til kristen etikk. Nyerere har fått sterk, delvis hemningslaus, støtte frå kyrkjeleg hald.⁹ Begeistringa har kjølna parallelt med landets aukande økonomiske misere. Den kyrkjelege opinionen har likevel vore forsiktig i sin kritikk mot regimet i Tanzania, også når det åpenbart kunne vera forhold å peika på også der.

Annleis i Kenya. Der har særleg den anglikanske kyrkja vore ein modig og konsekvent påtalar av urett utført av eigenrådige styresmakter. Det har kosta innsats og mot. Men såvidt eg kjenner til, har ingen kyrkjeleiar ennå mista livet sitt på grunn av sitt sosiale og etiske engasjement. Seinast i vår har kyrkjeleiarar engasjert seg i heftige protestar mot det dei oppfattar som klar undertrykking og maktmisbruk frå politikarar si side. Anglikanske prestar, biskopar og leiaren i NCKK (National Council of Churches in Kenya) har uttalt at med mindre det blir slutt på korrupsjon, diskriminering, maktmisbruk, trafikkulykker og andre vonder, går Kenya mot ei alvorleg krise. I lys av utviklinga i Austeuropa etterlyser dei ei oppmjuking av dei politiske tilhøva i landet. Denne kritikken har tyngde og kraft av kyrkjas posisjon i samfunnet. Men den er desto meir smertefull for politikarar uvande med å stillast

til rette for sine handlingar, fordi i Kenya i dag er kyrkja «the only independent cohesive grouping still in existence in the face of a strong single party machinery and a compliant parliament».¹⁰ Dette er ei skildring som like godt kunne nyttast om svært mange afrikanske land.

I Kenya finst det også ei luthersk kyrkje. Den er mykje mindre, og avgrensa til visse område i landet. Denne kyrkja sin profil i høve til styresmaktene kjenner eg ikkje. Men det er grunn til å peika på at den kanskje viktigaste faktoren som gir den anglikanske kyrkja i Kenya tyngde, også når ho kritiserer, er følgande: hennar storleik, og det at ho er kyrkje for det segmentet av folket som eliten, den politiske og den økonomiske, soknar til. (Den som derimot er liten og ikkje har kontaktar i dei viktige kretsane, skal vakta seg vel for å komma i styresmaktene sitt søkelys.)

3. *Etiopia*. Den lutherske Mekane Yesu kyrkja i Etiopia har alltid levd under kompliserte sosiale og politiske tilhøve. Styret til keisar Haile Selassie kunne neppe kallast særleg demokratisk, og etter den marxistisk inspirerte revolusjonen i 1974 er det gått frå vondt til verre. Det er ikkje grunn til å nøla med å kalla Mengistu Haile Mariam ein rå despot, trass i hans ideologiske retorikk.

For kyrkja har det vore om å gjera å finna ein måte å overleva på i denne situasjonen. Før revolusjonen var kyrkjens president, Emmanuel Abraham, minister i keisarens regjering. Dagens kyrkjepresident, Francis Stephanos, er medlem av nasjonalforsamlinga i Mengistus Etiopia, slik også leiaren for Den ortodokse kyrkja og for den muslimske religiøse grupperinga er det. På mange stader er prestar og lokale kyrkjeleiarar trekte inn i rekrutteringa av unge menn til hæren som ligg i krig med dei mange frigjeringshærane som omgir høglands-Etiopia.

Det er også verdt å merke seg kor forsiktig misjonærene har vore i sin informasjon frå Etiopia. I skriftlege framstillingar har ein valt ein svært varsom profil, men mange har nok vore friare i muntlege skildringar av dei vilkåra kristne har levd og lever under.¹¹

Dømet Etiopia er interessant og opplysende om kyrkjens kår under totalitære regime. Kyrkjeleiinga har inngått i eit tilsynelatande samarbeid med regimet både lokalt og sentralt, og misjonærene og misjonsorganisasjonane har valt ikkje å gå offensivt ut i kritikken mot landet og dets politiske regime.

4. Som eit siste døme vil eg trekka fram noen drag frå *Madagaskar*. Madagaskar har ei stor luthersk kyrkje. Landet har hatt eit marxistisk prega styre og ein – etter eige utsagn – kristen marxistisk president. Økonomisk har også dette landet opplevd nedgangstider, og det tvang landet til ei radikal omlegging av økonomien i siste del av 1980-åra.

Politisk har det truleg blitt noe åpnare dei siste åra. Men noe utprega demokratisk samfunn er ikkje det madagassiske. Styringsstrukturen er ovanfrå og ned. Presidenten vel sine egne rådgivarar, utnemner i stor grad sjølv det øverste revolusjonære rådet, og vel sjølv regjeringa. Parlamentet er valt, og det er fleire politiske parti, men den reelle politiske makta ligg ikkje der.

Kyrkjene har hatt stor arbeidsfridom. Gjennom det 10 år gamle Madagaskars Kristne Råd har dei fire store kyrkjesamfunna, Den katolske, Den reformerte, Den lutherske og Den anglikanske kyrkja, etter kvart blitt ein ganske frittalande kritikal av fleire sider ved styresmaktene sin politikk.

Men det er interessant å registrera korleis denne kritikken ofte blir framført: I generell form er den til dels ganske klar. Men når det dreier seg om tilhøve som kan råka einskilte personar innafor stat eller regjering, foretar ein seg gjerne rørsler som kattens rundt grøten. Kritikken bleiknar, blir uklar, og dei fleste utanforståande vil ikkje skjønna at ein i røynda framfører kritikk.¹²

Misjonæranane på Madagaskar har også vore forsiktige med å kritisera styresmaktene. Ein har opplevd landet som ein stad der ein har kjempa for sin sjølvråderett, og vil gjerne gi rom for stadeigne måtar å gjera det på, også når det bryt med ideal frå heimlandet. Ein opplever solidaritet med land og folk som ikkje reagerer på same måten som ein sjølv ville ha gjort, og ein blir kjenslemessig knytta til ein nasjon og eit styre som gir rom for kyrkje- og misjonsverksemd.

III. Er vi sosialetisk uansvarlege i Afrika?

Kvifor har vi ikkje fått ein kritikk av kyrkjer og misjonars tilsynelatande uproblematisk akseptering av politisk urett og undertrykking i afrikansk samanheng? I afrikansk samanheng synest ein å ha almen aksept for at misjonane i stor grad skal ta omsyn til dei lokale kyrkjene sine ønske når det gjeld informasjon og kritikk av rådande sosiale og politiske tilhøve.

Men er det rett? Det er vel i like stor grad grunn til å trekka fram einskiltpersonar som har visst å søka personlege fordelar ved ei tilknytning til tvilsame styresmakter, eller kyrkjer og misjonar som teier om urett dei veit om, i Afrika som i Austeuropa?

Toleransen overfor det som er annleis enn hos oss, synest større i Afrika. Eg trur det er ei rekke medverkande årsaker til at det er slik.

– Afrika er lenger vekke. Det er ikkje så lett å vita sikkert kva som foregår der.

- Afrika er lengre vekke, og derfor og vi er ikkje så sterkt personleg engasjerte i kva som skjer der (med mindre vi har vore misjonærer der då).¹³
- Det er lettare å akseptera at det rår andre grunnleggande prinsipp i denne verdshalden som er så ulik vår både kulturelt og politisk. Vi aksepterer lettare politisk undertrykking i Uganda enn i Ungarn.

Desse faktorane er psykologisk forstålege men etisk uakseptable. Urett som krev påtale, skal påtalast enten det skjer her eller der. Og dersom ein aksepterer at vanskelege politiske og menneskelege situasjonar bør gi rom for ei rekke mulege handlingsalternativ, bør det aksepterast både her og der.

Eg har med vilje skildra ulike variantar av kyrkjeleg respons på politiske og sosiale utfordringar. Eg trur det for oss nordmenn som aldri har opplevd (enten personleg eller høyrte fortalt om det) anna enn den juridisk sett relativt mjuke og velordna politiske undertrykkinga som nazi-regimet utsette etniske nordmenn for, er det så godt som uråd å fatta kva det tyder å leva under eit regime som er totalt despotisk og utan skruplar, der ein totalt manglar rettstryggleik, og der ein heller ikkje har tradisjonar for det.

Det er viktig å tolerera ulike handlingsalternativ i møte med udemokratiske regime av ulik art og grad. Men det finnest også grenser som ikkje kan overskridast, og det finnest personar som går på akkord med sjølve kjerna i den kristne vedkjenninga for å oppnå fordelar og slik overskrider desse grensene.

Men når vi søker å stadfesta desse grensene og å plassera desse personane, er det viktig at vi ikkje gjer urett mot noen medan vi er romslege mot andre.

NOTER

1. Misjonstidende nr. 3, 1990, leiarartikkel: Lysning i Øst. Det har også vore ein debatt om LVF sitt tilhøve til biskop Kaldy, som blei vald til president i LVF under generalforsamlinga i Budapest i 1984. Bondevik var den som innleidde denne debatten. Noen av dei seinare innlegga er til dels blitt prega av utanomteologiske (eller ikkje-etiske) moment, og har til tider vore sterkt kjenslelada.
2. Vårt Land torsdag 19. april 1980, ifølge intervju ved Johannes Morken.
3. Vårt Land melde nyleg om sterk undertrykking og borgarkriglignande tilstandar i Liberia. Dette hadde ført til at norske misjonærer nå var trekt ut av landet.
4. Under LVF si generalforsamling i Dares Salaam i Tanzania i 1977, vedtok ein at dette var eit vedkjenningsspørsmål. Apartheid er synd, det er opprør mot *Guds ordning*, mot *Guds likeverd-erklæring av alle menneske utan omsyn til rase eller farge* e.l.

5. NMT i 1954 (?). Artikkelen vekte gjenklang og blei sitert i ei rekke norske aviser den gongen.
6. Per Anders Nordengen som var i Durban frå 1984 til 86 uttala seg til ei rekke ulike media og engasjerte seg i det felleskjerkelege arbeidet mot apartheid, m.a. ved å skriva under på KAIROS-erklæringa av 1986.
Thor Halvor Hovland, som er lærar ved Umpumulu lutherske presteskole frå 1986, har skriva ei rekke informative artiklar i Misjonstidende og dagsaviser om den politiske utviklinga i landet, t.d.
7. Det er ikkje grunn til å leggja skjul på at ein del misjonærar synest vestleg kritikk av apartheid-regimet er svært «unyansert», og at dei derfor i større grad enn dei kanskje sjølv ønsker, framstår som forsvarar av det dei oppfattar som ein «realistisk» politikk i landet.
8. Det foregår akkurat nå ein intern debatt i Tanzania om det er nødvendig med ei omlegging der og, som følge av endringane i Austeuropa. Tidlegare president Nyerere kjempar mot ei politisk omlegging i retning av fleirpartisystem. Men i noen grad er det ein debatt om kosmetiske endringar, for den tanzanianske sosialismevarianten fall saman av seg sjølv og er avløyst av ein slag opplyst eineveldig kapitalisme der regjering og president i større eller mindre grad administrerer på verdensbankens vilkår. Verdensbanken er den nye kolonimakta i Afrika. Jfr. Leiv Lunde: *Gjeldskrisa i Afrika*, KN & MKR 1989. Sjå elles Harald Bekken: «Fleirpartisystem i Sør Afrika», kronikk i *Vårt Land* 15.05.90.
9. Sjå K. Aano: «Har afrikanske kyrkjer ein politisk funksjon?» i *NOTM* 1984, s. 94–106.
10. *New African* no. 270, March 1990 (publisert i London), sitert etter *Weekly Review*, som kjem ut i Nairobi.
11. Bakgrunnen for dette er i stor grad nettopp det same som ein har nytte for Austeuropa sitt vedkommande: at ein av omsyn til den lokale kyrkja valde å profilera seg slik.
12. På eit stort årleg møte utanfor Antsirabe i september 1987 med noe under 10.000 deltakarar, kom denne indirekte måten å ytra kritikk på, tydeleg fram. Det var ei tid med relativt stor politisk spenning mellom kyrkje og lokale leiarar. På det møtet der styresmaktene sine representantar var til stades, framførte synodepresidenten ein lovprisningstale som var så overdriven at alle (som ikkje var misjonærar) skjøna at han var sterkt misnøgd med korleis dei skjøtta arbeidet sitt. Men sidan kritikken kom fram ved lovprisning, kunne ingen «ta han» for det.
13. Dette slår ut i mange samanhengar. Det viser seg t.d. lettare å få samla ekstraklede til Romania enn mat til sveltende menneske i Sudan. Både Kirkens Nødhjelp og Røde Kors registrerer at Austeuropa-engasjementet går ut over innsamling til nødhjelp i Afrika, slik Jan Egeland klart påviste i Antenne ti i april i år.

Kjetil Aano, f. 1949, cand. theol. Misjonshøgskolen/MF 1975. Misjonsprest på Madagaskar (NMS) 1978–88. Redaktør i Misjonstidende 1990–.

African perspective: «Mission countries» and «communist countries»

In connection with the changes in Eastern Europe the WCC and the LWF and other ecumenical organs have been criticized (e.g. by leaders of missionary societies) for their weak stance towards oppressive communist regimes and the official representatives of the national churches. Reviewing the African situation, the writer suggests that a similar questions could be raised regarding the missionary societies who in Afrika often seem to chose a similar attitude to oppressive regimes and to the national churches.